



LYNGMO GLYTEN



...med sommar og sol, og
tærne i sanden ønsker me...

Velkommen til
sommarleir 2012!!!

Tema: Vegen, sanninga og livet.
*”Han som veit alt om meg og som er
glad i meg - han vil eg fylgje!”*



Helsing frå Lyngmo

Ein ny leirsesong står for døra og me ventar spent på å få inn påmeldingar frå deltakarane. Det er alltid spanande å sjå kven av ”dei faste” deltakarane som melder seg på og kven som melder seg på leir for første gang. Alle er like velkomne! Leir på Lyngmo skal vera ein stad der borna vert sett og møtt. På same måte som for leiarar i idrettslag er det også innført politiattest for leiarane på Lyngmo. Borna skal møta trygge og gode rammer når dei kjem på leir!

Vår og sommar er alltid ein travel periode på Lyngmo med leiarar, konfirmasjonsselskap, Bibelcamping, Sognefjordcup og campingsesong. På Lyngmo er det ope for hytteutleige, bed & breakfast og camping heile sommaren.

Som de ser på biletet er det ulik standard og fasong på campingbilane som kjem på besøk!



Me prøver også heile tida å oppdatere bygningar og aktivitetsutstyr, slik at det skal være triveleg og kjekt å koma til Lyngmo. For tida held me på med ei ombygging og utviding av kapasiteten på kjøkkenet. På aktivitetssida skal det kjøpast inn nye og flotte kanoar og meir utstyr av årar og redningsvestar. Dette er mogleg etter at me fekk gavetildeling frå Gjensidigestiftelsen! Tusen takk til Gjensidigestiftelsen!

Hjarteleg velkommen til Lyngmo i sommar!



Minnegåve

Tusen takk for gåva som var gitt i samband med gravferda til Jon Heggestad!

Tusen takk Trond Kråvik!

Dersom du har vore på leir på Lyngmo i løpet av dei siste 3 ti-åra er sannsynlegheten for at du har møtt Trond Kråvik nokså stor. Trond har vore engasjert i leirarbeidet, som leiar og leirsjef. På leirane har han blitt brukt til det meste: Leirsjef, talar, gitarist, samtalepartner, moromann, nattevakt, vaktmeister, vaskehjelp og mykje meir. I tillegg til å være med som leiar har mykje tid gått med til planlegging og forming av leirarbeidet. Trond har vore med og gjort ein eineståande jobb i Samarbeidsnemnda i maaaange år! Fleire tusen born har vore på leir i løpet av denne tida. Frå 1. januar i år ønskte Trond å prioritere meir tid til andre oppgåver. Me er utruleg takknemlege for arbeidet du har lagt ned på Lyngmo og håpar at det ikkje går lenge før me ser deg igjen som leiar på leir. TUSEN TAKK!

Samarbeidsnemnda for Lyngmo

Er ei nemnd som har ansvar for planlegging og utføring av leirarbeidet saman med barne- og ungdomsarbeidarane på Lyngmo. 8 personar frå ulike bygder i Indre Sogn er med i denne viktige jobben. Medlemma i nemnda skaffar leiarar, kjem med forslag og innspel til planlegginga og evaluerer til slutt leirane i etterkant. Samarbeidsnemnda er ein engasjert gjeng og dei gjer tilbakemelding på at arbeidet i nemnda har fungert godt dei siste åra!



Trond Kråvik har vore ein viktig pådriver i leirarbeidet på Lyngmo

Å vere leir-leiar

Mange av dykk som les Lyngmo-Glytten har vore på leir på Lyngmo. Leir er noko av hovudverksemda vår, og det er ei glede at så mange born og ungdom kjem på leir. I 2011 var det 523 born innom på leir.

Kvart år arrangerar Lyngmo 11 leirar, der 3x3 av desse er aldersbestemte frå 2-10.klasse. 16:30 og Bornas Songleir kjem i tillegg. I år startar me òg opp ein ny leir i august, Pangstart, som du kan lese meir om på side 7.

Til desse leirane treng me mange frivillige ungdommar og vaksne til å vere leiarar. Det er fantastisk at så mange stiller opp og er så positive til å vere med. Og skal me tru leiarane, så har dei det både kjekt og givande. Samtidig som det krevst litt ekstra sovn etterpå. :)

Å vere leir-leiar inneber i stor grad å vere til stades. Til stades for deltakarane, for at opplevinga av å kome på leir skal verte god, og for at dei skal få møte Jesus her. Og til stades for Gud, for at Han kan tale til oss, og me kan lytte til det Han vil for leiren.



Glede, godheit og trygggleik er store ord, men me ynskjer dei som kjem på leir skal bli møtt med det. Ein leir-leiar er ikkje perfekt . Fullkommen kjærleik kan berre Jesus gje. Men me ynskjer å ha villige hjarte som Gud kan bruke slik at Guds rike skal ha framgang i Indre Sogn.

Ein STOR takk til alle villege og gode leir-leiarar! Me gler oss til sommarleirane! :)

- Siv Anita :) (barne- og ungdomsarbeidar)

To utvalgte ungdomsleir-leiarar

**Møyfrid
Ulland
24 år
Sogndal**

Kvifor vart du med som leiar på leir?

Det gir en enorm glede å kunne gi av seg selv til ungdommer for å se dem møte Jesus og vokse med ham.

Kva liker du best med leirlivet?

Leir gir ofte rom for gode samtaler og herlig fellesskap med ungdommen. Man knytter dypere relasjoner. Og det spesielle med å være med på leir på Lyngmo er at relasjonene med de fleste ungdommene kan fortsette etter leir. De fleste deltakerne er jo fra Sogndal:)



Har du ei helsing til alle Glytten-lesarar?

Yes, det har jeg. Her er noen vers fra Salme 105 som setter ord på slik jeg ønsker at mitt liv med Gud skal være preget av. Det handler både om å få gi ære til Gud og ta på alvor hans befaling om å fortelle de gode nyhetene til andre. Og Gud har kraft å gi til den som spør.

Sal 105:1-4

”Pris Herren og påkall hans navn, gjør hans storverk kjent blant folken. Syng for ham, og spill for ham, tal om alle hans under! Ros dere av hans hellige navn! De som søker Herren, skal glede seg. Spør etter Herren og hans kraft, sok alltid hans åsyn!”

Olav Sørheim

17 år

Kjørnes



Kvifor vart du med som leiar på leir?

Gratis mat! Nei da!:) Tykkjer det er kjekt å vere leiar på leir. Det skjer mykje spennande, mykje bra ungdommar og så tykkjer eg det er kjekt å bruke tid på andre enn meg sjølv.

Kva liker du best med leirlivet?

Berre det å vere sosial ei heil helg er kjekt, ellers bruker kveldsmøtene å vere veldig bra.

Har du ei helsing?

Reis på leir! Så snakkast me! :)

Leirtravaren

Namn : Marthe Skjerven

Kjem frå : Hafslø

Alder : 11 år

Har du vore mange gonger på leir?

Ja alle sidan 2.klasse. Unnateke ein gong.

Du var på leir i vinter, er det noko du hugsar spesielt godt?

At eg opptrådte på scena åleine under leirkvelden og sang ”Hosanna” Siv Anita spelte piano for meg.

Kva er det beste leirminnet ditt ellers: Alle kveldar er moro. Og nettene, når vi lurer oss til å springe litt, eller vere oppe!

Har du eit favoritt bibelvers eller historie frå Bibelen?

Eg likar den historia om Jesus som gjekk på vatnet. Den er så fin.

Kjem du att på leir i sommer?

Oh JA! Eg har fått meg så mange nye venner på leir. Og det er så kjekt å høre og lære om Jesus.

Tusen takk for intervjuet!



Forbedrer for leir?



Til haustleirane i fjor, introduserte me oppstart av ei forbederteneste for leirane på Lyngmo. Me trur dette hadde stor betydning for leirane og ynskjer å vidareutvikle denne tjenesta.

Me ynskjer at de som er interesserte får ein aldersbestemt leir som de er med i bøn for. Det vil seie 1 leir, 3 gongar i året. Då vil de i forkant få litt informasjon om kva leiren inneholder.

Kunne du tenke deg å vere med på dette? Ta gjerne kontakt med oss!


PANGSTART 2012!

13.-16. aug. Ein ny leir for deg mellom 11 og 13 år

Siste veka i sommarferien ønsker me å gje eit nytt leirtilbod til aldersgruppa mellom 11 og 13 år. Me trur og håpar at nokre dagar på leir på slutten av sommarferien, vil gje borna ein god avslutning på sommaren. Denne veka kan være utfordrande, med mykje fritid og foreldre som er byrja på jobb etter ferien. Då er leir på Lyngmo ein flott plass å få ein PANGSTART inn mot det nye skuleåret.



Leiren vil likne mykje på andre leirar på Lyngmo, men me kjem til å prøve ut nye måtar å formidle frå Bibelen på. Borna skal i grupper forske, nytte kreativitet, samarbeide og lære frå Bibelen gjennom elementa luft, vatn, eld og jord. Leiren er eit samarbeid mellom Lyngmo og kyrkja i Sogndal og Luster.



Me håpar på mange sko-par under PANGSTART 2012



Indremisjonsforbundets
bærekrafts- og ungdomsorganisasjon
Imf-UNG
imfung.no
facebook.com/imfung.no

Bibelsommar i vest 1. - 10. juli 12
Lyngmo Ungdomssenter i Sogn
Info/påmelding: Tlf: 57 68 43 66 E-post: lyngmo@lyngmoinfo.com www.lyngmoinfo.com
Talarar: Mikkel Vigilius, Jan Tore Olsen, Pastor Puje, Gledesbud m.fl.

Returadresse:

Lyngmo Ungdomssenter
Lyngmo 12
6869 Hafslø

Telefon: 57684366

E-post: lyngmo@lyngmoinfo.com
Heimeside: www.lyngmoinfo.com
Gåvekonto: 3720.07.68427



Sommarleir på Lyngmo

2. - 4. klasse:	15.- 17. juni	Pris: 420,-
5.- 7. klasse:	22.- 25. juni	Pris: 635,-
7.—10. klasse:	8. - 10. juni	Pris: 540,-

"Pangstart": **13. - 16. august** Pris: 695,-

Ein ny og spanande leir for deg mellom 11 og 13 år.
Eit samarbeid mellom Lyngmo og kyrkja.

For meir informasjon sjå www.lyngmoinfo.com

Påmelding

Send mail til bua@lyngmoinfo.com eller ring 57 68 43 66
Påmelding fom 1. mai